



Austevoll kommune

AUSTEVOLL KOMMUNE	
Arkivsaknr. 09/1759	Sakans. AES
11 MARS 2010	
Ark.kode P	
Ark.kode S	515
Lopenr.	Dok.nr.
Kassasjonår	

LOKAL SÆRAVTALE KLESGODTGJERING

Austevoll kommune, Norsk sjukepleiarforbund, Fagforbundet, Utdanningsforbundet og Skolenes Landsforbund har inngått slik lokal særavtale:

Partane viser til KS Særavtale 1002 **Arbeidstøy**:

Arbeidstakar får som hovudregel utlevert arbeidstøy etter behov. Behovet avgjørast av partane lokalt gjennom særavtale. I de tilfeller det er behov for arbeidstøy, jf. ovanfor, men partane er einige om at det er mest hensiktsmessig at arbeidstakar sjølv skaffar arbeidstøy, skal det gis refusjon for de faktiske utgiftene.

Austevoll kommune syter for naudsynt innkjøp av arbeidstøy til tilsette ved:

- Legekontora
- Helsestasjon
- Sjukeheimane
- Branntenesta
- Vaktmeistertenesta
- Tilsette i SFO
- Tilsette på 1.-4. trinn i grunnskulen i minst 40 % av hel stilling

Det vert utbetalt klesgodtgjering til tilsette ved/innan:

- Heimesjukepleie
- Eidsbøen bufellesskap
- Småtun barnehage
- Reinhald
- Fysioterapitenesta
- Tilsette i grunnskolens ungdomstrinn som arbeider i minst 40 % av heil stilling i skuleverkstad, laboratorium, skulekjøkken, gymnastikksal - gjeld faga kroppsøving, forming/kunst og handverk, naturfag og heimkunnskap på grunnskolens ungdomstrinn (frakkar, treningstøy, forkle ol.)

Klegodtgjersla vert fastsett til kr 1280,- pr / år pr. årsverk (skal indeksregulerast årleg etter konsumprisindeksen første gong 01.03.2011).

Dersom leiar tar del i dagleg stell, pleie, aktivitetar med barn etc., kan delar av stillinga ha klesgodtgjering. Vurderast på kvar einskild avdeling.


Oppseiing: Partane kan sei opp avtala med 1 mnd oppseiingsfrist. Avtale vert forleng med eit år om gongen dersom ikkje nokon av partane seier den opp. Dersom særavtalen ikkje er sagt opp av ein av partane innan fristens utløp, fornyast avtalen for eit år av gangen. Lokal særavtale binder partane inntil den lovleg er sagt opp. Lokal særavtale som er lovleg sagt opp og ikkje reforhandla, faller bort.

Avtala vert gjort gjeldane frå og med 01.03.2010.


Storebø 11. mars 2010




Austevoll kommune – Forhandlingsutvalet
v/Ordførar Helge Andre Njåstad.


Sissel EugTondenes


Norsk Sjukpleiarforbund


Ørjan Fosselballe

Utdanningsforbundet


Kari Suphammer

Fagforbundet


Tomus Pedersen

Skolenes Landsforbund